



# FORVALTNINGSPLAN

## Orrevatnet


Verneområde	VV00000623
Utskriftsdato	10.03.2022
Planstatus	FVP til høring

Statsforvalteren i Rogaland



# INNLEDNING

## ORREVATNET (VV00000623)



Godkjent av	
Oppstartsdato	03.11.2017
Planlagt revisjon	
Sametingskonsultasjon	
Godkjent dato	
Høringsdato	10.03.2022

ephorte  
saksnummer

Forvaltningsmyndighet  
Statsforvalteren i Rogaland

Forvaltningsmyndighetstype  
Statsforvalter

Oppsyn  
<http://www.naturoppsyn.no/lokalkontorer/>

Fylker  
Rogaland

Kommuner  
Klepp

Verneform  
naturrestat

Verneplan  
Verneplan for våtmark

Vernet dato  
20.12.1996

## OM FORVALTNINGSPLANEN

Denne plan omfattar naturreservatet Orrevatnet (naturbase id: VV00000623) som ble verna ved Kongeleg resolusjon den 20.12.1996, og ikkje Orrevatnet dyrelivsfreding (naturbase id: VV00000332).

Forvaltningsplanen er eit styringsverktøy til bruk for forvaltningsmyndigheita si forvaltning av verneområdet. Forvaltningsplanen skal sikre ei heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gi retningslinjer om bruk og brukarinteresser, informasjon, skjøtsel, tilrettelegging og andre tiltak. Forvaltningsplanen er ei presisering og utdjuping av verneforskrifta, og gjev rettesnorar for dispensasjonspraksis.

Forvaltningsplanen definerer vidare mål for forvaltninga av verneområde, og skildrar aktuelle tiltak for skjøtsel, tilrettelegging, besøksforvaltning mv.

Verneforskrifta med tilhøyrande vernekart gir ramme for utarbeidinga av forvaltningsplanen. Planen inneber såleis ikkje juridiske endringar av verneforskrifta som framleis er fullt ut gjeldande.

Forvaltningsmyndigheita har ansvar for utarbeidinga av forvaltningsplan. Utkast til forvaltningsplan skal sendast på høyring til grunneigarar og gjeldande interesser. Forvaltningsplan for store verneområde og Ramsar-område skal godkjennast av Miljødirektoratet.

## FORVALTNINGSMYNDIGHETENS OPPGAVE

Forvaltningsmyndigheita har ansvar for å forvalte verneområdet i tråd med verneformålet, og å treffe nødvendige tiltak om verneverdiane er trua.

Forvaltningsmyndigheita utøver mynde etter verneforskrifta. Dette inkluderer mynde til å treffe vedtak om dispensasjon frå verneføresegna.

Forvaltningsmyndigheita kan også gi utfyllande retningslinjer om forvaltning av verneområdet og om skjøtsel. Forvaltningsmyndigheita har vidare ansvar for informasjon til grunneigarar, rettshavarar og publikum om verneverdiane og verneføresegna. Forvaltningsmyndigheita har som oppgåve å planlegge og utføre skjøtsel i verneområdet, og å registrere og dokumentere naturverdiane i området.

Forvaltningsmyndigheita sitt handlingsrom fylgjer av naturmangfaldlova og verneforskrifta for verneområdet. Verneforskrifta fastsett føresegn for forbod, unnatak og spesifiserte høve for dispensasjon for verneområdet.

Forvaltningsmyndigheita har i tillegg heimel til å gi dispensasjon frå verneføresegna i naturmangfaldlova § 48.

Dei sentrale forvaltningsorgana – Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet – har det overordna ansvar for verneområdeforvaltninga, mellom anna gjennom klagebehandling og fastsetting av rammene for forvaltninga.

## TILLEGGSOPPLYSNINGER

Formålet med fredinga er å ta vare på eit internasjonalt viktig våtmarksområde med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Området har eit spesielt rikt og interessant plante- og dyreliv. Reservatet har viktige funksjonar for fuglelivet heile året. Utanom dei store ornitologiske verneverdiane finn ein fleire interessante floristiske element som til dømes plantene soleigro, bustsivaks og mjukt havfruegras.

Orrevatnet er ein del av "Jæren våtmarkssystem". Jæren våtmarkssystem, eller RAMSAR-område 309, ligg i Rogaland fylke og består av ei rekke separate verneområde (naturreservat og landskapsvern med fuglefreding og plantefreding) i dei seks kommunane Klepp, Hå, Sandnes, Sola, Time og Randaberg. Dei har til saman eit areal på ca. 32 km<sup>2</sup>. Ramsar-status blei tildelt dei første områda den 4.07.1985 og er i dag eit av dei største våtmarkssystema i Norge med sine 22 delområde.

Til høyringsfase:

Forvaltningsplanutkast skal sendast på høyring til kommune, fylkeskommune, grunneigarar og andre rettshavarar, aktuelle brukargrupper og andre aktuelle etatar. Statsforvaltaren oppsummerer alle høyringsfråsegn, som så skal følge forvaltningsplanen når denne vert sendt over til Miljødirektoratet for godkjenning. Endringar etter høyring skal gjerast synlege i forvaltningsplanen eller i brev som følger forvaltningsplanen. Det bør gå fram korleis forvaltningsmyndigheita har vurdert innspel som har kome inn i høyringsprosessen.

Når forvaltningsplanen er godkjend av Miljødirektoratet skal forvaltningsmyndigheita ferdigstille planen og sørge for at den blir publisert i Naturbase, samt på nettsidene til forvaltningsmyndigheita. Forvaltningsmyndigheita skal også orientere aktuelle grunneigarar/rettshavarar, andre brukargrupper og forvaltningsorgan om at planen er godkjent.

# OMRÅDEFAKTA

## ORREVATNET (VV00000623)

---

Landareal (daa)	900
Sjøareal (daa)	8680
IUCN-status	IUCN_IA
Ramsar-status	Ja
Emerald-status	Ja

## INTERNASJONALE FORPLIKTELSER

Norge har underteikna fleire internasjonale miljøavtalar. Mange av verneområda våre er svært viktige bidrag til at slike avtalar kan følgast opp og gjennomførast i praksis. Den viktigaste konvensjonen for vern av naturverdiar er konvensjonen om biologisk mangfald (CBD). Formålet med Konvensjonen om biologisk mangfald er tredelt: 1) å bevare det biologiske mangfaldet, 2) sikre berekraftig bruk av biologiske ressursar og 3) ein rimeleg og rettferdig deling av fordelane som følger av nyttiggjering av genetiske ressursar. Arbeidet med konvensjonen er organisert for å kunne oppnå desse tre måla globalt og nasjonalt.

Norge har gjennom Bonn konvensjonen forplikta seg til å verne levestad og trekkruiter til trekkfugl (AEWA <https://www.unep-aewa.org/ein>). AEWA står bak utarbeiding av internasjonale forvaltningsplanar, f.eks. grågås, kvitkinngås og storspove.

## IUCN-TEKST

Norge er medlem i Den internasjonale naturvernunion (IUCN). Den har som mål å bevare natur og biologisk mangfald. Det finnes eit eige program for arbeid med verneområde (*Protected Areas*). Under dette programmet er det utvikla rettleiing for å auke effektiviteten i arbeidet med å verne natur. Ein av desse er eit klassifiseringssystem med såkalla IUCN kategoriar I-V.

Orrevatnet er eit naturreservat, med kringliggjande fuglelivsfreding. Naturreservat er omfatta av IUCN kat. 1a ('Strict nature reserve').

## RAMSAR-TEKST

Ramsar-konvensjonen er ein internasjonal avtale for bevaring og berekraftig bruk av våtmarker. Formålet er å avgrense tap av våtmarker og bremse det aukande presset på våtmarksområde. Konvensjonen skal formidle kunnskap om våtmarkene sin økologiske betydning og deira verdi for forsking og rekreasjon.

Norge var blant dei første landa som ratifiserte avtalen i 1974. Kvart partsland er forplikta til å peike ut og sikre internasjonalt viktige våtmarksområde, såkalla Ramsar-område. Det er fastsett kriterium for å identifisere slike område. I Noreg er 63 enkeltområde eller våtmarkssystem peika ut som Ramsar-område. Partslanda skal sikre bevaring av økologisk funksjon i Ramsar-områda ved forvaltning ut frå best mogleg kunnskap om påverknad og toleransegrenser. Medlemslanda forpliktar seg til å følge opp ei rekke forpliktingar i konvensjonen, samt dei vedtak landa gjer på partsmøte.

Slike forpliktingar er særleg knytt til å:

- forvalte internasjonalt viktige våtmarksområde (Ramsar-område) slik at dei økologiske funksjonane ('ecological character') vert oppretthalde.
- sørge for fornuftig bruk ('wise use') av våtmarker gjennom forvaltning og arealplanlegging, kartlegging og gjennomføring av verneplanar for våtmarker.
- delta i internasjonalt samarbeid om våtmarker – for Norge omfattar dette mellom anna bistandssamarbeid og samarbeid med nordiske og baltiske land.



## BERNKONVENSJONEN-TEKST

Føremålet med Bernkonvensjonen er å verne om europeiske ville dyr og plantar og deira leveområde med særleg vekt på trua og sårbare artar. Målet er også å fremme samarbeid mellom medlemsland. Det er vedtatt fire lister (I-IV) som angir korleis bestemte artar skal vernast (totalfreding, sikre leveområde, regulering av jakt, og bruk av jaktreiskap).

Bernkonvensjonen inkludera i tillegg resolusjonar for å verne bestemte naturtypar (Resolution No. 4 (1996)) og artar (Resolution No. 6 (1998)).

Medlemslanda må rapportere om bevaringsstatus for dei lista naturtypane og artene som finns på eige territorium. I tillegg må landa opprette eit nettverk av område som skal bidra til å verne dei aktuelle naturtypane og artene. Dette nettverket har fått namnet "Emerald Network". Orrevatnet naturreservat er blant områda som har Emerald-status.

## TILLEGGSOPPLYSNINGER

Orrevassdraget er verna etter verneplan for vassdrag i Rogaland. Vernegrunnlaget er omtala som: *"Kystnær beliggenhet på Jæren. Vassdraget er sentrale deler av et variert og særpreget landskap som strekker seg fra heiområdet innenfor kysten til utløpsområdet med viktige våtmarksområder og videre til utløpet i havet. Kystprosesser, elveløpsformer, botanikk, fuglefauna, landfauna og vannfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Store kulturminneverdier. Viktig for friluftslivet."*

Vernevedtak etter verneplan for vassdrag vil seie at det ikkje kan bli gitt løyve til kraftutbygging, og at vassressurslova sine særreglar for verna vassdrag er aktuelle ved inngrep og tiltak i vassdraget.

# NATUR

## ORREVATNET (VV00000623)

---

### BESKRIVELSE

Stort, grunt vindutsatt vatn som ligger nær havet, for ein stor del på flygesand. Området var ein grunn fjord i steinalderen. Det er i dag stort sett fulldyrka heilt ned til vasskanten med mindre areal kulturbeite og små ugjødsla rester med lynghei, myr og fukteng. Internasjonalt viktig trekk-, overvintrings- og hekkelokalitet for våtmarksfugl. Berre få stader i landet er det registrert så mange fugleartar, med 65 registrert hekkande. Det er talt opptil 3000 ender i området; så som støkkand, toppand, knekkand, snadderand og lappfiskand. Plantelivet er og rikt. I opent vatn finn ein krustjønnaks (sprer seg sterkt), busttjønnaks og trådtjønnaks. Soleigro (direkte trua) forekjem også.

### NATURTYPER BESKRIVELSE

Orrevatnet naturreservat dekker vassflata og nære kantsoner i heile Orrevatnet, Ergavatnet og deler av Horpestadvatnet.

I Naturbasen i Miljødirektoratet er det registrert fleire viktige naturtypar i delområda. Heile Ergavatnet og Horpestadvatnet er registrert som naturtypen rik kulturlandskapssjø og Orrevatnet ein kalkrik tjønnaks-sjø, alle med A-verdi ('svært viktig'), jf. DN Håndbok 13.

Vatna er eit av dei rikaste våtmarksområda i landet og har eit rikt fugleliv, samt ei rekke raudlista planteartar, både i vatnet og randsonane. Det grunne næringsrike vatnet er viktig næringsøkområde for rastande, overvintrande og hekkande fugl. Det er framleis restar av kystlynghei igjen: i Kattelandsvika, Malaneset og lengst nord i Orrevatnet naturreservat. Kattelandsvika har blitt vurdert å ha A-verdi, mellom anna grunna den raudlista arten solblom (VU). Restane av våtmark og fuktige kantsoner er viktige hekkeområde for våtmarksfugl. Ergavatnet har ein kraftig kantvegetasjon med takrøyrbelte ytst og elvesnelle innanfor. Ved Horpestadvatnet går beitemark stort sett heilt ned til vatnet, og det er berre i delar av vatnet det er takrøyr. Vest for Ergavatnet ligg Vassmyra, ei botanisk interessant fuktmark med A-verdi og eit rikt fugleliv.

Orrevatnet naturreservat blei kartlagt i 2015 etter metodikken 'Natur i Norge' (NiN) versjon 1. Ved motsetnad vil NiN-kartlegging som regel bli prioritert framfor kartlegging gjort etter DN Håndbok 13. Merk at naturtypar i ferskvatn per dags dato berre blir grovt kartlagt. Følgande naturtypar, med NiN-kode og raudlistestatus i parentes, blei registrert:

- Elvevassmassar (F1)
- Sirkulerande innsjøvassmassar (F2)
- Helofytt-ferskvassump (L4)
- Skogsmark (T4-C-2)
- Ope flaumfastmark (T18-C-1, T18-C-2, T18-C-4)
- Flaumskogsmark (T30-C-1, T30-C-2, 'Sårbar' / VU)
- Semi-naturlig eng (T32-C-2, T32-C-4, 'Sårbar' / VU)
- Kystlynghei (T34-C-4, 'Sterkt trua' / EN)
- Laus sterkt endra fastmark (T35-C-1, T35-C-2)
- Ny laus fastmark (T37-C-2)
- Hard sterkt endra fastmark (T39-C-4)
- Åker (T44-C-1)
- Oppdyrka varig eng (T45-C-1)
- Semi-naturlig våteng (V10, raudlista grunna kunnskapsmangel)

Dei kartlagte naturtypane frå NiN følger i stor grad kjente førekomstar frå tidlegare kartleggingar. Ifølgje **Artsdatabankens Raudliste for Naturtypar** er truslane mot dei trua naturtypane arealendringar til infrastruktur, endringar knytt til landbruk som gjødsling, grøfting og oppdyrking, samt naturlege prosessar som gjengroing grunna opphøyr av tradisjonelt bruk. Kystlynghei er og truleg prega av nitrogen-haldig nedbør og framande bartreartar som sitkagran.

## ARTER BESKRIVELSE

I Artskart er det registrert 1097 artar i naturreservatet, av desse er 334 fugleartar. Orrevatnet er ein internasjonalt viktig trekk-, overvintrings- og hekkelokalitet for våtmarksfugl. Som ein del av Jæren er Orreosen omtala som 'Important bird area' av BirdLife International (**IBA kode NO044**).

Orrevatnet er eit viktig myteområde for gjess og ender kor verneområdet har ein sentral funksjon for fuglelivet utover sjølve reservatet. For fuglelivet spesielt inngår det i eit stor-økologisk funksjonssystem frå fuglerike områder kring øyriket vest for kysten, via fuglefredingsområda langs Jærstrendene, til dei mange våtmarksreservata på Låg-Jæren. Det skjer både døgn- og sesongtrekk av fuglar for kvile, hekking og matsøk blant dei ulike lokalitetane. Nasjonalt ligg Orrevatnet sentralt i viktig trekkroute haust og vår. Det er eit viktig overvintringsområde for vassfugl frå nordområda, samt jamt registrert rovfugl som trekker ned frå alpine områder for overvintring langs kystområda.

Dei grunne buktane langs sør- og austsida av Orrevatnet, samt fire avgrensa område i Ergavatnet, er registrert som svært viktige for andefugl og våtmarksfugl (Folvik 2002). Orreosen er eit av dei viktigaste funksjonsområda for fugl på Jæren. Området kring Orreosen er i hovudsak oppe og oversiktleg, noko som gjer det attraktivt for vade- og andefuglar. Desse fuglane liker store opne flater med utsikt til alle retningar for å føle seg trygge under kvile og beiting. Her kan ein gjennom året registrere store tettleikar av fugl innanfor eit svært avgrensa område. Grunnvassområde i og ved utløpsosen med tilhøyrande jorde, fuktenger og sandbankar har viktige funksjonar både som rasteplass for ender, gjess og vadarar under trekket, og som overvintringsplass bl.a. for sangsvaner, ender og gjess. Dei opne dreneringskanalen til Orrevatnet kan, i mangel av større kantsonar til vatnet og variasjon i jordbrukslandskapet, vere verdifull for til dømes vadefugl og småfugl-artar. Området har og hekkefunksjon for mellom anna svarthalespove.

I vintre med frost er Orreosen (og Horpestadosen) den siste staden i Orrevatnet som frys til. Vatna på Jæren er svært grunne og frys raskt til ved kulde. Store mengder med gjess, sangsvaner, gressender, dykkender og anna fugl kan då samlast innanfor eit svært avgrensa isfritt område.

Ved Orrevatnet finnes fleire mindre fuktenger, som også inngår i naturreservatet. Fuktengene er viktige leveområde for mange fuglar, særleg vadarar og sporvefuglar. Fuktengene har eit rikt insektliv og

er dessutan viktige leveområde for vadefugl.

Det er fleire fuglegjødsla enger på holmar i Orrevatnet. Desse har ferdselsforbod og blir ikkje brukt av menneske eller husdyr. Holmane er viktige viltområder for fugl og blir brukt mellom anna som hekkeområde for skarv, måker og gjess. Kvitkinngåsa har etablert seg som hekkefugl i seinare år. Bestanden av kvitkinngås har vert aukande. Hekkinga har verta framskunda med om lag 51 dagar frå 2010 til 2020, og startar no i starten av mars. Klimaendringane har truleg vore medverkande til dette.

I sumpvegetasjon hekker sothøne, vassrikse, sevhøne, sevhauk, sevsporv og ymse artar av kjerrsongarar.

Hekkande fugl i Orrevatnet naturreservat blei undersøkt av NOF avd. Rogaland i 1999 på oppdrag frå Statsforvaltaren. Det har ikkje blitt gjennomført tilsvarende systematisk innsamling og samanstilling av data i samband med forvaltning etter den tid. Delar av reservatet hadde den gong god bestand av storskarv (ssp. *sinensis*, kring 100 par i 1999), svartbak, heipiplerke, sivsongar, røyrsongar og sevsporv. Elles finns artar som: toppdykkar, knoppsvane, gravand, skeiand, knekkand, snadderand, toppand, ærfugl, sothøne, sandlo, hettemåke, sørleg gulerle, tornirisk mfl. Vidare fungerte verneområdet som viktig funksjonsområde for vipe (EN), svarthalespove og tjeld; artar som ofte hekkar på og ved dyrka mark på utsida av verneområdet, men kor verneområdet er eit viktig oppvekstområde.

Grågåsa kjem ofte tidleg på våren, og større flokkar med over-somrande grågjess årsakar beiteskadar på tilgrensande dyrka mark. Grågjess opptre i stort tal på opne lågtliggande areal kring Orrevatnet, Ergavatnet og Horpestadvatnet. NOF har i fleire år gjennomført systematiske teljingar av gjess på Jæren. I vinterhalvåret er det ofte mange islandske grågjess på Jæren, i tillegg til andre gåse-arter som overvintrar her, men trekker nordover til arktiske områder for å hekke.

Vinterstid er det heller ikkje uvanleg å sjå store flokkar (>200 individ) av sangsvaner i tilknytning til Orreosen. Vidare er reservatet overvintringsplass for sædgås, stjertand, lappfiskand, bergand, dvergdykkar og myrhauk. Seinare på våren kjem andefugl som knekkand og skeiand, saman med vadefugl som vipe, storspove, svarthalespove og brushane. Måkane kjem tidleg i april til området. På engene med kortare vegetasjon er også sanglerke på plass frå tidleg april.

---

## RØDLISTEARTER BESKRIVELSE

Raudlisteartar er artar som ifølge **Artsdatabanken** er vurdert til å vere 'Kritisk trua (CR)', 'Sterkt trua (EN)', 'Sårbar (VU)', 'Nær trua (NT)', 'Datamangel (DD)' og 'Regionalt utdøydd (RE)', kor dei tre første kategoriane omfattar artar som er rekna som trua. Det kom ei ny raudlistevurdering i 2021. I likheit med nasjonale trendar ser ein også for artar observert i Orrevatnet at nokon blir vurdert til mindre kritisk, men at fleirtalet av artane blir vurdert til meir kritisk.

Blant observasjonane registrert i **Artskart** er 92 og 146 artar registrert som trua og raudlista, kor 52 og 82 er fuglearter. Følgande raudlisteartar er registrert hekkande i verneområdet, men dei fleste av desse artene er meir sporadisk: dvergmåke (VU), fiskemåke (VU), gjøk (NT), grashoppesonger (NT), grønnfink (VU), gråmåke (VU), gråsporv (NT), gulsporv (VU), hettemåke (CR), horndykker (VU), knekkand (EN), kornkråke (VU), makrellterne (EN), mellomskarv (NT), myrrikse (EN), rosenfink (NT), raudstilk (NT), sandsvale (VU), songlerke (NT), sevhøne (VU), skeiand (VU), småspove (NT), snadderand (NT), sothøne (VU), stjertand (VU), storskarv (NT), storspove (EN), stær (NT), svarthalespove (CR), svartrødstjert (EN), taksvale (NT), tjeld (NT), tyrkerdue (NT), tyvjo (VU), tårnsegjar (NT), vaktel (VU), vassrikse (VU), vipe (CR), ærfugl (VU), åkerrikse (CR). Vidare hekker også sørleg gulerle (*Motacilla flava flava*), som er ein art av nasjonal forvaltningsinteresse grunna sin spesielle økologiske form, fleire stadar i verneområdet. Grunna sin plassering i landet så førekjem det også hekkingar av svært sjeldsynte artar som ikkje reknast som stadeigen eller med etablert reproduserande bestand i Noreg, som til dømes **taffeland**.

Dei fleste raudlista artane opptrer også ved vatnet i trekkseong vår og haust, samt fleire også gjennom vinteren. Det høge talet raudlista artar har den konsekvensen at jegera som ikkje har god nok artskunnskap har skutt truga artar.

Dei raudlista artane er knytt til alle dei ulike biotopa kring vatnet; til dømes vipa er knytt til engareal, vassrikse til takrøyrsumpa, and- og dykkarfugl driv næringssøk i heile vatnet og vadara som raudstilk finst i grunnvansområda som Orreosen medan fleire artar hekkar på holmane i Orrevatnet og Ergavatnet.

Da fleire av artane har vore i stor tilbakegang nasjonalt, samstundes som samansetning av vegetasjon er i endring grunna mellom anna næringsavrenning frå tilgrensande jordbruksområde, bør det gjerast



nye registreringar og samanstilling av data frå ulike årstider.

Plantelivet i reservatet er relativt rikt. Sump- og flytebladvegetasjonen er stadvis svakt utvikla grunna sterk vindpåverknad. I opent vatn veks til dels eutrofieringsindikatorar som krustjønnaks, busttjønnaks og trådtjønnaks. Følgande raudlisteartar er sett etter 1980: soleigro (EN), trådbregne (EN), purpurmarihånd (EN), granntjønnaks (EN), mjukt havfruegras (EN), bustsevaks (EN), solblom (EN), nikkebrønslé (EN), pusleblom (EN), dverglin (EN), småvasskrans (VU), jærsev (VU), nebbstarr (NT), kjeldegras (NT), skaft-evjebloom (NT), samt kransalgene stinkkrans (VU) og bustkrans (NT). Dei fleste av dei sterkt trua planteartane som er kjent frå Orrevatnet naturreservat vil på sikt forsvinne frå reservatet om ein ikkje får redusert det høge næringstilsetet frå tilgrensande jordbruksområde. Spesielt utsett er stinkkrans, soleiegro, mjukt havfruegras og trådbregne som har ei avgrensa utbreiing i Norge, jf. Mjelde mfl (2012) Faggrunnlag for mykt havfruegras *Najas flexilis* (utkast).

Artar som vasskjeks (VU), blanktjønnaks (EN) og broddtjønnaks (VU) er truleg forsvunne frå reservatet og er ikkje registrert her etter 1980.

Det er ikkje gjort nærare systematisk kartlegging av insekt og edderkoppdyr i verneområdet, men hjå Artskart er følgande raudlisteartar registrert: danseflue *Hormopeza obliterata* (EN) og *Hilara albiventris* (DD), tegearten *Anthocoris gallarumulmi* (VU), krokspyedderkopp *Silometopus incurvatus* (VU) og kysthumle (NT). Vidare er følgande sommarfuglartar registrert: ein båtmøllart *Caryocolum marmorea* (EN), ein gressmøllart *Elachista argentella* (VU) og smalringrørfly (NT)

Området er truleg leveområde for fleire sjeldsynte insektartar, og ein bør på sikt få gjennomført kartlegging, særleg i område kor det er behov for meir regelmessig vedlikehaldstiltak, til dømes ved grøfter og kanalar.

## GEOLOGI BESKRIVELSE

Lausmassane langs sør- og vestsida av Orrevatnet er dominert av bresjø-/innsjøavsetningar. I nord kjem det inn litt flygesand ved Borsåk, mens austsida nord for Kattaland består av morenemassar. Sør for Kattaland er ei sone med breelveavsetningar (sand, silt) som strekk seg heilt ned til nordsida av Ergavatnet. Torvmassar finst spreidd langs sørsida av Ergavatnet. Det finnes strandvoller på austsida ved Øyarbakka og nord for Kattelandsvika. Ein finn ryggforma breelveavsetningar kring Ergavatnet og Horpestadvatnet, men desse ligg med enkelte unntak utanfor verneområdet.

## KLIMAENDRING

Gjennomsnittleg årstemperatur i Rogaland er rekna å auke med ca. 3,5 °C. Den største temperatúrauke rekna for vinteren, ca. 4,0 °C, mens sommartemperaturen er rekna å auke med ca. 3,5 °C. Vekstsesongen vil auke med 1-3 månadar, og mest i ytre kyststrøk. Vinterstid vil dagane med svært låg temperatur bli sjeldnare.

Årsnedbøren i Rogaland er rekna å auke med ca. 10 %. Sesongmessig fordeler dette seg slik:

- Vinter: 20 %
- Vår: 10 %
- Sommar: 5 %
- Haust: 10 %

Det er forventa at episodar med kraftig nedbør aukar vesentleg både i intensitet og frekvens i alle årstider. Nedbørintensiteten for døgn med kraftig nedbør er forventa å auke med ca. 15 %. Auka fuktigheit og meir intensiv nedbør på sommaren kan auke faren knytt til erosjon og trakkskader frå beitande storfe.

Sjølv om sommarnedbøren i Rogaland er forventa å auke litt, vil også fordampinga auke. Dette aukar høve for at det sommarstid kan bli lengre periodar med sommartørke, liten vassføring i elvene, lengre periodar med låg grunnvasstand og større markvassunderskot.

Det er forventa monaleg reduksjon i snømengdene og dagar med snø i lågareliggande områder, men det vil framleis vere enkelte år med monaleg snøfall også i låglandsområde. Det vil bli fleire smelteepisodar om vinteren som følge av auke i temperaturen.

Det er truleg at det i framtida vil bli fleire periodar med høge temperaturar, noko som kan føre til endring i plantesamfunnet. Artar som klarar varmare klima vil lettare spreie seg til Orrevatnet. Sidan Orrevatnet er grunt og vindutsett er det ikkje forventa problem med oksygenbalansen i vatnet, da omrøring av vassmassane er forventa å hindre oksygenmangel. Men høgare temperatur kan bli eit problem for fisk som ikkje klarar store temperaturendringar.

## ANNEN NEGATIV PÅVIRKNING

Reservatet ligg i eit intensivt drifta jordbruksområde, der det mange stadar er dyrka nærmast heilt ned til den smale kantsona langs vatnet. Dette har vesentleg negativ påverknad på våtmarksflora og bakkehekkande fuglar gjennom auka næringstilførsel og forstyrning. Høg tilførsel av plantenæringsstoff frå kringliggande jordbruksareal påverkar økosystemet negativt både ved overflateavrenning og gjennom drenering.

Både **Orrevatnet** og **Orreåna** har ein 'dårleg' økologisk tilstand i følge vassforskrifta, jf. **Vann-nett.no**. Alle tilløp er vassførekomstar som er i minst dårleg tilstand pga. næringsstoff-forureining.

Det er installert fleire vatningsanlegg, og i tørkeperiodar blir det ei relativt sterk uttapping av vassmassane. Det tas ut store mengder vatn frå Horpestadvatnet og Ergavatnet i tørre periodar til vatning av jorde, og jamt til drivhusproduksjon på Vik.

Det er fleire felt med leplanting av framande treslag kring heile vatnet. Ved Malaneset og Ljoshaug er det planta ein del barskog som er eit framandelement i dette landskapet. Vidare er fleire leplanting samansett av framande treslag, til dømes grønor og fløyelsvier, som utgjer ein økologisk risiko.

Ein del område har steinsette kantsonar ned mot vatnet etter åkerrydding, slik at det ikkje er naturleg vegetasjon. Dette hindrar etablering av naturleg kantsonavegetasjon til skjul eller strandenger.

Forstyrning frå ferdsle av fuglekikkarar/fotografar på areal nær område som Orreosen kan særleg vinterstid skremme fugl vekk frå isfrie råker som ofte er nær land. Det er og ein utfordring at det vert etablert fugleskjul med åteutlegg innanfor verneområdet; noko som igjen aukar mengde rovfugl og såleis legg press på andre fugleartar. Dette er ulovleg, samt at fleire skjul i dag er som søppel å rekne. Tilsvarande vil omfattande jakt i tilgrensande områder ha både forstyrrende effekt og direkte skadegjerande på trekkande fugl gjennom området.

Det er tidlegare registrert ei rekke inngrep i verneområdet knytt til landbruksdrift, så som graving, massedeponering, lagring av utstyr og fór-ballar, gjødsling av kantsoner og forsøpling. Dette følgast opp gjennom fornya tilsyn, men er også tilsvarande regulert av lovverk kor kommunen mynde.

## TILLEGGSSOPPLYSNINGER

Horpestadvatnet ligg i eit heilt flatt terreng og får tilsig frå Frøylandsvatnet i aust gjennom Roslandsåna. Andre tillaup er Skådaheikanalen i nord, og Grødalands- og Brautkanalen i sør. Horpestadkanalen er utlaupet fra Horpestadvatnet til Orrevatnet, og ligg sør-aust i Orrevatnet. Orrevatnet, som ligg nedst i nedbørfeltet, er berre fire meter over havet, og var ein grunn fjord i steinalderen. Vatnet er skilt frå havet med ein 10 km lang sand- og rullesteinstripe. Orreelva er utlaupselva til Orrevatnet og munnar ut i Nordsjøen ved Orresanden litt sør for Åtangen. Middelvassføring ved utløpet er 3,4 m<sup>3</sup>/s.

Orrevatnet ligg 4 m.o.h. med eit areal på ca. 9 km<sup>2</sup>. Vatnet har eit maks djup på 3,0 m, middeldjup på 1,4 m og ei opphaldstid på 0,10 år.

For område kring naturreservatet er det langs Jærstrendene hovudsakeleg marine naturtypar med karakteristiske sanddyner, rullesteinstrender, strandenger og strandberg. Det er også inkludert fleire ferskvatn og myrområde med stor verdi for fuglelivet. Eit stort mangfald av fugleartar er registrert her, også mange sjeldne og trua arter.

Heile Jærkysten er kjent for sitt rike fugleliv og har stor variasjon i biotopar. Verneområda er viktige for store mengder rastande fugl kvar vår og haust, og desse nyttar seg av næringsrike vatn, grunne sjøområde og tangvollar langs strendene som matstasjonar før dei flyg vidare. I tillegg er områda også viktige overvintrings- og hekkeområde. Dei mange mindre våtmarksområda ligg omkransa av eit fulldyrka intensivt landbrukslandskap. Verna natur er difor særskilt viktig i dette område om ein skal klare å ta vare på dei viktigaste levestadene for våtmarksfugl.

# BRUKSHISTORIKK

## ORREVATNET (VV00000623)

---

### EIERSTRUKTUR

Landarealet er privat, fordelt på mange grunneigarar.

### VERNEPROSESS

Orrevatnet var ein del av verneplan for våtmark som ble sendt på lokal høring i 12.10.1989, og sentral høring i 1993. Der brukte dei tid på å få avklare landbruksinteresser, deriblant beiteskader fra fugl, slik at planen blei ikkje sentralt godkjent før i 1996. Orrevatnet blei verna som naturreservat 20.12.1996.

### RESTRIKSJONSOMRÅDER

Frå verneforskrifta kan ein lese følgande: "*Motorisert ferdsel til lands og til vanns, samt lavtflyging under 300 m er forbudt. Forbudet gjelder også bruk av modellbåter, modellfly og seilbrett*" og "*All ferdsel på holmene er forbudt i tida f.o.m. 1. april t.o.m.15. august*". Desse er kartfesta **her** og **her**.

### SKJØNNSFORUTSETNINGER

Ikke alle grunneigara ble vurdert like retter til erstatning for alle forhold, men dette er forholdene som det ble gitt erstatning for:

- Aukte beiteskader
- Aukte ugrassspreiing
- Forbod mot gjødsling/sprøyting (av beite)
- Forbod mot nydyrking
- Forbod mot jakt
- Forbod mot bruk av motor i vatnet

Merk at skjønnsforutsetninger gjev unnatak berre for angitte tiltak, verneforskrifta gjeld elles i sin heilhet. Disp. (av 5.10.99) til gjødsling, bruk av plantevernmiddel og fortsett bruk av dyrka mark inkludert naudsynt motorisert ferdsel på areal vist på kart datert juni 1998. Gjeld for eigedomane med gnr/bnr:

- 23/6; 23/3
- 24/22; 24/21; 24/24; 24/1
- 25/8; 25/20; 25/14; 25/2; 25/6,7 og 12; 25/10, 11
- 26/1; 26/2
- 28/11 og 18; 28/2 og 8; 28/10 og 21; 28/9 og 26; 28/4; 28/16; 28/3; 28/15; 28/12
- 30/14,18 og 19; 30/6; 30/38 og 50
- 39/5-16
- 40/2,7,14; 40/3; 40/11; 40/1; 40/16; 40/8; 40/5 og 6; 40/10; 40/9 og 25; 40/22
- 41/1; 41/3; 41/4
- 42/7; 42/1; 42/10
- 43/2,3 og 7; 43/4 og 8; 43/1 og 9
- "Regler for skogbruksaktiviteten i verneskogen i Klepp kommune" fastsett av Statsforvaltaren i Rogaland i nov. 1996 med heimel i skoglovens §§ 32 og 33. Gjeld for eigedomane gnr/bnr 24/22;25/2;25/6,7 og 12;28/16;30/38 og 50; 40/4; 41/1; 41/14,16 og 21; 42/1; 43/4 og 8; 43/1 og 9.
- Torstein Ellingsen jr gnr/bnr 40/3 og 28/11,18 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog, og rett til bruk også motorisert ferdsel på dei delar av arealet innafor reservatet som var opparbeida til campingplass på vernetidspunktet (gnr/bnr 40/3 ved Ljoshaug). Torstein Ellingsen jr kan etter søknad få løyve til naudsynt motorisert ferdsel med nyttekøyretøy på eksisterande jordbruksveg innafor reservatet, for å få tilgang til dyrka mark/gjødsla beite.

- Leif Erga gnr/bnr 30/38, 50 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Arvid Gaute Edland gnr/bnr 28/4 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Jone Aase gnr/bnr 28/16 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Kristian Nese gnr/bnr 25/2 har høve til motorisert ferdsel med traktor eller anna nyttekjøretøy på traktorveg mellom grensepkt. 36 og 37. Kristian Nese har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Olav Bjarte Nese gnr/bnr 25/6,7 og 12 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Palmer Borsheim gnr/bnr 43/4,8 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Ola Borsheim gnr/bnr 43/1,9 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Svein Hodne gnr/bnr 42/7 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Ingvar Langholm og Steinar Langholm gnr/bnr 42/1 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Martin Refve gnr/bnr 41/1 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Aud Lise Rosland gnr/bnr 41/14, 16 og 21 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Trygve Vatne gnr/bnr 40/4 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.
- Bernt Lerøy gnr/bnr 20/22 har høve til å ta ut tilveksten av bartre/barskog.

## BRUKSHISTORIE



Jæren er eit av dei eldste kulturlandskapa i Norge, og har ein lang jordbrukshistorie. Dette er synleg i det flate landskapet, der langstrakte jorde og beitemark omkransar og til dels overlappar verneområda. Menneske har budd her i tusenvis av år, og området er rikt på kulturminne. Det karakteristiske Jærlandskapet har med sine sandstrender også stor verdi som friluftsområde for både lokalbefolkninga og tilreisande.

Orrevatnet er senka ved fleire høve: 1906, 1916 og i byrja av 50-åra. Vasstanden er om lag 1 m lågare enn før senkinga og vassflata er redusert med ca. 25% samanlikna med kart frå 1855. Føremålet med senkinga var å auke jordbruksarealet. Totalt ga senking omtrent 2000 daa nytt jordbruksareal. Samtidig blei det gravd ein kanal frå Horpestadvatnet til Orrevatnet da det gamle utløpet frå vestenden av Ergavatnet nå låg tørt.

Landbruket var i perioden 1920-1950 dominert av småbruk der fleirtalet av gardane hadde hestar, kyr, sauer og andre husdyr. Det var trong for store areal til husdyrbeite og før industrialiseringa tok fart var det menneskap og husdyr som sto for opparbeiding av jorda. Moderne husdyrbruk dominerer nå i området. Gras vert dyrka intensivt med bruk av husdyrgjødsel og kunstgjødsel. Bruken av husdyrgjødsel blei ikkje regulert før forureiningslova (1981) og bruken av kunstgjødsel er framleis ikkje regulert. Store areal som før var innmarksbeite er i dag dyrka opp til fulldyrka jord. Fulldyrka mark som grenser til Orrevatnet er for det meste drenert og det er grøfter/kanalar i areala som tidlegare var botn av innsjøen.

I dag vert Orrevatnet i avgrensa omfang brukt til rekreasjon som fuglekikking og fiske.

## LANDBRUK

Kring verneområdet er det i dag som før aktivt jordbruk, mest varig gras på eng og noko grønsaksproduksjon. I sjølve verneområdet finst ei rekke fulldyrka teigar og innmarksbeite, til dels ned mot vasskanten. Dette kommer også frem av kart av 1998 som område kor det er tillaten å gjødsle.

## FRILUFTSLIV

Fuglekikking tiltrekker ein del besøk i området kring spesielt Orreosen. Her er det sett opp fuglekikkarskjul i grensa til fuglelivsfredinga. Det er ofte rapportert om fuglekikkarar som går heilt ned til vasskanten for å få gode foto. Det er ikkje tillat med åtferd som jagar fuglar ut av verneområdet. Det er i ei rekke tilfelle registrert oppsett av telt/'hides', samt bruk av åte for fotografering av rovfugl. Åte er ikkje tillat innanfor verneområdet.

Utover dagens situasjon er det ikkje ønskeleg å legge til rette for auka friluftsliv i området, både med omsyn til landbruk og verneinteresser. Vidare tiltak med omsyn til besøk vil i fyrste rekke vere informasjonstiltak om naudsynte omsyn.

## JAKT OG FISKE

All jakt og fangst er forbode, med unnatak av fellefangst av mink. Me rådar til at fellefangst av mink skjer i samråd med forvaltningsmyndigheita.

Det skjer omfattande jakt i område heilt inn mot vernegrensa. Det er kjent at jakt utafor verneområdet har medført jakt på trua artar. Orrevatnet er eit av svært få landareal på Jæren der det er jaktforbod mot gjess.

Fuglefredingsområde i tilknytning til Orreosen er truleg det viktigaste samlingsområde for gjess på hausten.

I tillegg til forstyrning av fugl direkte i verneområdet, fører jakta kring verneområdet til påkjenning på økosystemfunksjonen. For våtmarkssystemet Jæren (Ramsar) er det lett at fugl skremmes frå vatn til vatn, slik at større flokkar samlar seg i færre vatn. Større flokkar har også lettare for å bli skremt vidare slik at problemet med forstyrringa blir potensielt forverra utover jakta for heile våtmarkssystemet.

Det er laks i Orreelva som går heilt opp til eller opp i Rosslandsåna for å gyte. Det er lite eigna gyteplassar i Orrevassdraget nedstrøms Mølledammen. Fisket etter laks i elva vil tidvis kunne skje i kanalen mellom Horpestadvatnet og Orrevatnet og i ukjent grad langs elveløpet nedstrøms Orrevatnet.

Tidlegare var det næringsmessig monaleg fangst av ål i Orreelva, men anlegget blei lagt ned for mange år sidan. Ålefiske er forbode.

Bi-fangst av dykkande fugl frå sikfiske med stor-ruser blir ikkje lengre blir rapportert, slik at det drives ikkje lengre kommersielt fiske i Orrevatnet.

## KULTURMINNER

Det ligg svært mange kulturminne like ved grensa til naturreservatet, og nokre innanfor grensa. Kulturminna har eige vern gjennom kulturminnelova, men ein forvaltningsplan for Orrevatnet naturreservat kan også vere positivt for kulturminna. Skånsam bruk av områda, og beiting er generelt vurdert til å vere svært positivt for å synleggjere kulturminna ved Orrevatnet.

Innanfor grensa til verneområdet blei det i april 2021 oppdaga eit nytt automatisk freda kulturminne. Dette er ei tuft truleg frå jernalder og to stakketufter, id 276505. Lokaliteten ligg på Butangen på gnr/bnr 43/4,9. Det ligg óg uavklarte kulturminne like innanfor grensa for verneområdet på gnr. 24 bnr. 21, nausttufter id 44342, og på gnr/bnr 25/2, ei gravrøys id 4434. På gnr/bnr 25/8 kjem delar av sikringssona til id 5309, to stakketufter, innanfor grensa for naturreservatet.

## BYGG OG INSTALLASJONER

Det er ikkje tillat å føre opp bygg og installasjonar i naturreservatet, dette inkluderar også fugleskjul og åteplassar.

Det finst ei hytte/naust på Steinholmen (gnr/bnr 24/22), naust på 40/16, båtbygg på 40/3, hytte og bod på 25/20.

Det finst ein stor campingplass i fuglelivsfredinga på vestsida. Her har det vore tillaup til etablering av bygg, noko som ikkje tillat.

Eit fuglekikkarskjul er sett opp i grensa til fuglefredingsområde på tangen mellom Ergavatnet og Orrevatnet.

## INFRASTRUKTUR

Det er stadvis landbruksvegar i reservatet og det er grave mange grøftelaup inne i reservatet, samt tilrettelagt for vatningsanlegg. Dette er nærmare regulert av verneforskrifta.

## MOTORFERDSEL

Motorisert ferdsel (inkludert elektrisk motor) til lands og til vanns, samt lågflyging under 300 m er forbode. Med motorferdsel menes bruk av kjøretøy (bil, traktor, motorsykkel, beltebil, snøscooter o.l.) og båt eller annet flytende eller svevende fartøy drevet med motor, samt landing og start med motordrevet luftfartøy. Forbodet gjeld også bruk av modellbåtar, modellfly (drone) og seglbrett.

# FORVALTNING

## ORREVATNET (VV00000623)

---

### INNLEDNING

Statsforvaltaren i Rogaland er forvaltningsmyndigheit for området. Verneforskrifta er gjeldande lovverk for verneområdet og regulerer kva som er lov, kva som er forbode og kva som kan tillatast etter dispensasjon. Søknader om dispensasjon frå vernereglane skal sendast til forvaltningsmyndigheita, som så vurderer søknaden etter regelverket. Ein søknad om dispensasjon skal innehalde naudsynt dokumentasjon om mellom anna behov, metode, tid- og kartfesting for gjennomføring av tiltaket.

Forvaltningsmyndigheita for eit verneområde kan foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheita skal, viss mogleg, inngå avtale med grunneigar om gjennomføring av skjøtsel. Som skjøtsel reknast tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet som tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller framande treslag og restaurering etter naturinngrep. Eigar eller den som har rettigheter, skal varslast før det vert gjennomført skjøtsel på privat eigedom. Økonomiske fordeler ved skjøtsel gis til grunneigar eller den som har rettighet. Grunneigar kan også utføre skjøtselstiltak som beiting eller rydding, men må avtale dette med forvaltningsmyndigheita før arbeidet startar. Desse høva styrast i stor grad av naturmangfaldlova §47.

Statsforvaltaren og Statens Naturoppsyn har ansvar for oppsyn, overvaking og oppfølging av vernereglane. Ei viktig oppgåve er å føre tilsyn i området for å sikre at reglar som gjeld jakt og ferdsel vert overhalde. Tilsynet skal vere særleg intensivt i hekketida og når jakttida startar.

Det er viktig å følge med på vasstanden i området. For låg vasstand kan føre til at holmar nær land vert utsett for auka predasjon og kan føre til at våtmarksplanter forsvinn. For høg vasstand kan føre til overflødde holmar og tilgrensande jordbruksareal.

## BEVARINGSMÅL

ID	Bevaringsmåltekst	Tilstandsvariabel	Målt tilstand	Opprettet	Visningsfelt
VV00000623 + 11863	Mink	7FA Fremmedartsinngrep	Måling	08.03.2022	<a href="https://nattstat.miljodirektoratet.no/Area/FactPage/193204?bevaringsmallID=11863">https://nattstat.miljodirektoratet.no/Area/FactPage/193204?bevaringsmallID=11863</a>
VV00000623 + 11858	Vannhøyde	NA_F2 Fysiske inngrep	Måling	17.02.2022	<a href="https://nattstat.miljodirektoratet.no/Area/FactPage/190805?bevaringsmallID=11858">https://nattstat.miljodirektoratet.no/Area/FactPage/190805?bevaringsmallID=11858</a>
VV00000623 + 11860	Fugleskjul	PRFI Fysiske inngrep	Måling	04.03.2022	<a href="https://nattstat.miljodirektoratet.no/Area/FactPage/192004?bevaringsmallID=11860">https://nattstat.miljodirektoratet.no/Area/FactPage/192004?bevaringsmallID=11860</a>

## TILTAKSPLAN

ID_TILTAK	PR	Beskrivelse	Kategori	Bevaringsmål	Dato innlagt	Dato ferdig	Intern opphav
AK	I						

ID_TILV AK	PR I	Beskrivelse	Kategori	Bevaringsm ål	Dato innlag t	Dato ferdig	Inter nt opp h av
ID_TILV V00000 623_00 000000 6	1	Informasjonstav le	Tilretteleggi ng og informasjon	Ikke valgt	18.11. 2019	31.12. 2020	ESL
ID_TILV V00000 623_00 000000 8	2	Uttak av fremmede arter	Uttak av fremmede arter	Ikke valgt	01.11. 2020	01.12. 2021	esl
ID_TILV V00000 623_00 000000 1	3	Felling og fangst av rev og mink i verneområdet	Annet	7FA Fremmedart sinnslag	22.02. 2018	28.02. 2019	ESL
ID_TILV V00000 623_00 000000 2	4	Måling av vasstand	Kartlegging	NA_F2 Fysiske inngrep	18.11. 2019	31.12. 2020	ESL
ID_TILV V00000 623_00 000000 3	5	Kontroll av grensemerking	Tilretteleggi ng og informasjon	Ikke valgt	18.11. 2019	31.12. 2020	ESL
ID_TILV V00000 623_00 000000 4	6	Skjøtselsplan	Skjøtsel av (tre)vegetas jon	Ikke valgt	18.11. 2019	31.12. 2020	ESL



ID_TILT AK	PR I	Beskrivelse	Kategori	Bevaringsm ål	Dato innlag t	Dato ferdig	Inter nt opp h av
ID_TILV V00000 623_00 000000 9	7	Lyngbrenning Malanaset. Mål: opprettholde åpen lynghei.	Beiting og lyngbrenning	Ikke valgt	08.03. 2022		EGO
ID_TILV V00000 623_00 000000 5	8	Beite i våtmarksområ der	Beiting og lyngbrenning	Ikke valgt	18.11. 2019	30.09. 2020	ESL
ID_TILV V00000 623_00 000000 7	9	Vurdering av restaureringstil tak	Restaurering	Ikke valgt	04.12. 2019	31.12. 2020	esl

## SKJØTSELSPLAN

Plan skal utarbeides eller er under arbeid

## BESØKSFORVALTNING

Plan utarbeidet og ligger som vedlegg

## FORVALTNINGSUTFORDRINGER

Forvaltningsmyndigheita oppfordrar lokale interessentar som grunneigarar og organisasjonar til å bidra til forvaltninga av våre felles naturverdiar. Nye tiltak i verneområdet, utanom kva som er spesifisert over, må gjerast i samråd med forvaltningsmyndigheita. Forvaltningsmyndigheita kan bidra med råd og økonomisk støtte innanfor rammene for årlege budsjett. Dette delkapittelet synleggjer utfordringa knytt til verneverdiane og tek difor ikkje omsyn til andre interesse, men praktisk gjennomføring vil sjølvsagt måtte sjåast opp mot eksisterande høve.

Det finnes ei rekkje kjelder ein kan søkje tilskot knytt til tiltak relevant for reservatet. I utgangspunktet kan ein kontakta forvaltningsmynda som rår med forvaltningsbudsjettet. Forvaltningsbudsjettet nyttast til tiltak i samsvar med verneføremålet, til dømes skjøtsel eller fjerning av framande artar. Hjø Miljødirektoratet sitt Elektroniske Søknadssenter kan ein mellom anna søka på tilskot for tiltak for trua naturtypar og haustingsskog, til trua artar, og ville pollinerande insekt.

Målgrupper for ordninga er grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemder og institusjonar. Vidare vil ein og, som ikkje-offentleg aktør, kunne søke på Tilskot til tiltak mot framande organismar. Hjø Statsforvaltaren kan ein og søke om tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram (RMP). Dette inkluderer mellom anna skjøtsel av kulturminne, bruk av bevaringsverdige husdyrrasar og tilrettelegging av fuglebiotop. Statsforvaltaren jobbar også aktivt med framande artar slik at tilskot til tiltak mot framande artar kan søkjast hjå Statsforvaltaren. Hjø kommunen kan ein søkje om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). SMIL kan gje tilskot til tiltak som skjøtselstiltak for biologisk mangfald og kulturlandskap, restaurering av verneverdige bygningar, og andre tiltak mot forureining.

Dei identifiserte forvaltningsutfordringane er:

- Da mesteparten av landområdet kring verneområdet er landbruk, er det naturleg at det er opp mot landbruk det er flest tiltak. Landområda kring vatnet innanfor vernegrensa er som regel veldig smalt, og ofte fulldyrka eller aktivt gjødsla beite, sjå vedlagt kart som synar kor det er tillaten. Kantsona mellom fulldyrka mark og vatn er ofte berre ei rekke med ryddestein frå åker eller ein veldig smal sone med gras. Påverknadane frå tilgrensande areal er såleis omfattande, i første rekke knytt til næringsavrenning og forstyrning.
- Den økologisk tilstanden i Orrevatnet er i dag 'dårleg' på grunn av for høgt næringsstoffinnhald. Næringsstoff frå landbruket påverkar vasskvaliteten negativt. Det trengs ein tett dialog med kommune som administrerar det til ein kvar tid gjeldande gjødselregelverket og har myndigheten på dette feltet. Vidare har kommunen også høve til å regulere konsekvensane av drenering gjennom vilkår knytt til tilskotsordningar til landbruket, til dømes gjennom vilkår om etablering av reinseparkar. Vidare vil utplanting eller godt vedlikehald av kantsonavegetasjon bidra til å ta opp og auke infiltrasjon av næringsstoff før de renn ut i vassdraget. Her er også viktig med godt samarbeide med Jæren Vannområde.
- Tidlegare fulldyrking av store areal har redusert naturprega areal med ugjødsla og gjødsla beite vesentleg, i tillegg til aktiv gjødsling av tidlegare naturbeite. Dette har ein negativ effekt på kvalitet og areal av habitat til bakkehekkande fuglar som vipe, storspove, brushane og songlerke. Fleire av desse artane nyttar likevel framleis desse areala i betydeleg grad både til hekking og som matsøk- og rasteområder. Kring reservatet er det stort sett ikkje beite igjen. Av den grunn er dei få områda inne i reservatet som framleis står som beite særleg viktige å ta vare på. Det bør gjerast avtale med grunneigar om skjøtsel/beite av desse areala på særlege vilkår.

- «Uforstyrta» landareal finns mest ikkje i reservatet, utanom 3 mindre del-område (Malaneset, Nese og Borsheim), og holmane kor det er ferdselsforbod frå 1. april-15. august. Desse holmane utgjør om lag 20 daa.
- Gardbrukarar opplyser om problem med grøfte-utlaup som blir liggande for lågt for god drenering. Ofte blir lågareliggande avlingar skada av flaum, noko som får grunneigar til å ønske å reinske opp i utlaupet. Problemet er ikkje kartlagt i detalj. Lokale flaumhendingar kan ha fleire årsaker som til dømes gradvis kompresjon av terreng etter dyrking på gammal torvjord, vind-indusert forskyving av vasspeilet i Orrevatnet og tette grøftesystem.
- Det er fleire tilfelle av ulovleg oppførte og forfalne fugleskjul, søppel og piggtråd i området. Angående fugleskjul er dette truleg ofte fugleinteresserte som har fått løyve av grunneigar. Ulovlege fugleskjul må fjernast og forvaltningsmyndigheita vil måtte kontakte grunneigar, sjølv om det ikkje alltid er vedkommande som er den som har utført tiltaket. Me oppfordrar difor grunneigarar til å vere restriktiv og bevisste rundt slike forhold.
- Framande treslag. Det er fleire leplantingar med til dømes sitkagran, som ein ønskjer fjerna. Her kan forvaltningsmyndigheita vurdere økonomisk kompensasjon til bønder som ønsker fjerning av tre, og eventuell treslagskifte til naturleg tilhøyrande treslag.
- Framande artar. Ved nærliggande bygningar er det fleire høve kor det er dumpa hageavfall eller kor hageplantar har spreidd seg ut frå hage, til dømes ved campingplassen kor bygningane er heilt inntil vernegrensa. Forvaltningsmyndigheita syner til Forskrift for framande organismar, kor private og næringsaktørar er ansvarleg for å forhindre spreiding og eventuelt rydde opp om det skulle førekomme.

- Bruk, besøk og menneskeleg påverknad skal vere strengt kontrollert i naturreservat i følgje IUCN kat. Ia. I samsvar med allemannsretten er det ikkje lov å ferdast til fots på dyrka mark unntatt når bakken er frosen eller snødekt, men ferdsel langs vegar og stiar gjennom innmark som fører til utmark (vassdrag) er tillat. Sidan talet på stiar og landbruksvegar er stort, er området i utgangspunktet lett tilgjengeleg. Informasjon om ferdselsrestriksjonar bør derfor tydeleggjerast og det bør utførast tiltak for å styre ferdsel unna dei mest sårbare områda kring reservatet. Campingplassen i vest inneber nok ein betydeleg forstyrring i dette del-området, i alle fall i sommarhalvåret.
- Predasjon frå rev og mink må følgast opp og avgrensast mest mogleg. Det er viktig at forvaltningsmyndigheita har eit nært samarbeid med kommune og grunneigar om ei regulering av desse artane.
- Talet på grågås, andre gjess-artar og svaner har auka, og spesielt areal som ikkje har ein intakt kantvegetasjon langs vatn er særleg utsett for beiteskader. Dette inneber ein betydeleg utfordring for ei rekke gardsbruk. Omfattande jakt om hausten avlastar nok ein del i denne perioden, men resten av året vil det kunne vere større mengder fugl, særleg vinterstid og vår.
- I tillegg til forstyrring av fugl direkte i verneområdet, fører jakta omkring verneområdet til belastning på den overordna økosystemfunksjonen. For våtmarkssystemet Jæren (Ramsar) er det lett at fugl vert skremt frå vatn til vatn, slik at større flokkar samlar seg i færre vatn. Større flokkar har og lettare for å bli skremt vidare slik at problemet med forstyrring blir potensielt verre utover jakta for heile våtmarkssystemet.

## NATURMANGFOLDLOVEN

Naturmangfaldlova gjeld side om side med anna lovverk. Tiltak i verneområde må ha løyve både etter verneforskrifta, naturmangfaldlova og etter det regelverket tiltaket generelt blir regulert etter. Til dømes vil motorferdsel i verneområde, krev løyve både etter verneforskrifta og motorferdselslova. Andre aktuelle lovverk vil vere vassressurslova og lovverk knytt landbruk.

Da naturmangfaldlova av 19. juni 2009 ble vedtatt med i krafttredelse 1. juli 2009, blei naturvernlova oppheva. Sjølv om naturvernlova blei oppheva, gjeld verneforskrifter vedtatt i medhald av naturvernlova inntil Kongen bestemmer noko anna, jf. naturmangfaldlova § 77.

Naturmangfaldlova §7 stadfestar at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal nyttegjerast ved utøving av offentleg myndigheit knytt til naturmangfald og at det skal gå fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert.. Dei miljørettslege prinsippa er

- kunnskapsgrunnlaget (§ 8)
- føre-var-prinsippet (§ 9)
- økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10)
- kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver (§ 11)
- miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

Prinsippa skal leggjast til grunn som retningsliner ved avgjerd som råkar naturmangfald etter andre føresegn. Dette medføra at prinsippa skal vere ein del av vurderinga både for vedtak heimla i spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og for vedtak heimla i naturmangfaldlova § 48. Anna aktuelle paragrafer er gjeve under.

§ 6. (generell aktsomhetsplikt) *«Enhver skal opptre aktsomt og gjøre det som er rimelig for å unngå skade på naturmangfoldet i strid med målene i §§ 4 og 5. Utføres en aktivitet i henhold til en tillatelse av offentlig myndighet, anses aktsomhetsplikten oppfylt dersom forutsetningene for tillatelsen fremdeles er til stede.»*

§ 47.(skjøtsel av verneområder) *«I verneområder etter dette kapitlet an forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.*

*Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsl, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf. Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.*

*Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren. Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak. Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.»*

*§ 48.(dispensasjon fra vernevedtak) «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

*§ 49. (utenforliggende virksomhet som kan medføre skade inn i et verneområde) «Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.»*

## VERNEFORSKRIFT URL

<https://lovdata.no/forskrift/1996-12-20-1278>

## SENTRALE FØRINGER



"Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven" (**Rundskriv T-2/15**) gjeld så langt det passar også for utarbeiding av forvaltningsplanar. Det vises til Miljødirektoratets veiledere M-106 "**Rundskriv om forvaltning av verneforskriftene**", M-617 "**Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder**", samt Klima- og Miljødepartement rapport "**Handlingsplanen for styrket forvaltning av verneområdene**".

Forvaltningsstyresmakta for eit verneområde kan foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsstyresmakta skal, om mogleg, inngå avtale med grunneigar om gjennomføring av skjøtsel.

Som skjøtsel reknast tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, medrekna tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller framande treslag og restaurering etter naturinngrep. Eigar eller rettseigar skal varslast før skjøtsel vert gjennomført på privat eigedom. Økonomiske fordeler ved skjøtsel, til døme tømmer, gis til grunneigar eller rettseigar.

Kap. V gjev konkretiserte unntak som er tillat i reservatet. Til døme vil motorisert ferdsel på gitte areal vere tillat, sjølv om det forbod under Kap. IV-4. Vidare er det sjølve tiltaket som følger av det aktuelle føresegnet, som er direkte tillat. Slik at Kap. V-6 gjev løyve til fiske, men det gjev ikkje løyve til å nytte motorisert køyretøy som båt for å fiske, jf. også *Skjønn til fastsetting av erstatning ved opprettelse av Orrevatnet naturreservat*.

Kap. VI listar dei spesifiserte dispensasjonsreglane og viser til konkrete aktivitetar eller tiltak det kan gjevast dispensasjon til. Sjølv om eit tiltak er innanfor ramma av ein spesifisert dispensasjonsregel må det likevel gjerast ei sjølvstendig vurdering av om dispensasjon skal gjevast. Dette inneber mellom anna at sjølv om eit tiltak er blitt gjeve dispensasjon tidlegare eller hos ein granne, så inneber det ikkje automatisk at ein får innvilga dispensasjon. Dette sjåast mellom anna i lys av naturmangfoldlova § 10 kor verknaden av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastninga som eit økosystem er eller vil bli utsett for.

Unntak frå verneforskrifta er gjeve i verneforskrifta kap V og VI, mens § 48 erstattar den generelle dispensasjonløyve som kan gjevast gjennom forskrifta kap VIII. Naturmangfoldlova § 48 gir forvaltningsmyndigheita heimel til å gje dispensasjon frå verneforskrifta i tre alternative høve:

- *dersom det ikke strir mot verneformålet og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*
- *dersom sikkerhetsmessige hensyn gjør det nødvendig*
- *dersom hensynet til vesentlige samfunnsmessige hensyn gjør det nødvendig*

Føresegna skal vere ein sikkerhetsventil for tiltak ein ikkje kunne forutsjå, eller særskilte høve som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet. Første alternativ dekker høve kor verneføremål og verneverdiane toler einiskilde avvik frå føresegna, og er i utgangspunktet meint for bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyringar. Både kriteria i første alternativ må vere innfridd for at det skal vere ei opning for dispensasjon. Vesentlegheitskriteriet i tredje alternativ er for tiltak av nasjonal interesse.

Dispensasjonsføresegna i § 48 er ein kan-regel. Det vil si at sjølv om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt, så er det ingen som har krav på dispensasjon. Det er naudsynt med ein breiare vurdering av om det bør gis dispensasjon.

Anna relevant lovverk er vassressurslova som regulerer inngrep og tiltak i vassdraget sett opp mot økologisk tilstand. Da Orrevatnet er ein del av eit verna vassdrag fell det og inn under nokre særreglar innan vassressurslova. Vidare så regulerer Plan- og bygningslova arealbruk langs vassdrag. Klepp kommune har nedfelt i kommuneplanen at det langs a-lle vassdrag ikkje skal gjødselast i ein sone på minst 5 m frå vasstrengen, målt frå strandlinje i horisontalplanet.

## FORVALTNINGSMYNDIGHETENS RETNINGSLINJER

Tema	Forskriftreferanse	Forvaltningsmyndighetens retningslinje
Sjøppel og skrot	Kap. 4 nr. 3	Det er ikkje lov å legge igjen avfall. Avfall som forvaltningsmyndigheita registrerer ved tilsyn på grunneigar sin eigedom, vert rekna som etterlaten av grunneigar uansett om det er gammalt skrot eller søppel frå tidlegare eigar. Det følger då at det er grunneigar sitt ansvar alltid å halde reservatet reint og ryddig. Dette er i samsvar med anna lovverk slik som forureiningslova.

Tema	Forskriftreferanse	Forvaltningsmyndighetens retningslinje
Vasstand i Orrevatn et	Kap. 4 nr. 3	Uttak av masse frå utløpsosen og sand eller mudder som har lagt seg i elveløpet oppstrøms terskelen kan fjernes etter søknad så lenge søker kan dokumentere at tiltaket ikkje vil endre vasstanden i Orrevatnet. Høgdekote i Orrevatnet som skal nyttast som referanse er 4,0 m.o.h. Denne vil naturleg nok ha variasjon gjennom året som det vurderast opp mot, jf. tiltaksplan med oppføring av vassmåler. Forvaltningsmyndigheita kan alltid gjennomføre skjøtselstiltak f.eks. heving av terskel, som bringer vasstanden tilbake til referansekotet.
Påverkin g	Kap. 4 nr. 3	Utslepp av konsentrert husdyrgjødsel til verneområdet eller lagring av fóballar slik at det blir fare for avrenning frå silopressaft vert handsama etter forskrifta kap. 4, 3. ledd som "konsentrerte forurensingstilførsler". Slik at lagring av fóballar er ikkje tillaten innanfor verneområdet. Grunna fare for avrenning til vassdrag vil dette også vere i tråd med forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 21: «Silopressaft skal samles opp og lagres slik at den ikke fører til forurensing eller fare for forurensing.» I samsvar med brev av 1992 frå Landbruksdepartmenntet til landbruksmyndigheter om praktisering av forskrift skal minimumsavstanden til vassdrag helst vere 100 m.

Tema	Forskriftreferanse	Forvaltningsmyndighetens retningslinje
Motorisert ferdsl	Kap. 4 nr. 4 og Kap. 6 nr. 5	"Motorisert ferdsl til lands og til vanns, samt lågflyging under 300 m er forbode. Forbode gjeld også bruk av modellbåtar, modellfly og seglbrett." Med modellfly reknast også dronar til privat bruk, slik at det er eit forbod mot dronebruk i verneområdet. Med motorferdsl reknast bruk av kjøretøy (bil, traktor, motorsykkel, beltebil, snøscooter o.l.) og båt eller anna flytende eller svevande fartøy drevet med motor, samt landing og start med motordrevet luftfartøy. Dette inkluderer også kjøretøy med elektrisk motor. Historisk har søknader om dispensasjon for motorisert ferdsl blitt avslått. Vidare er det gjeve unnatak for forbod mot motorisert ferdsl i Kap. V knyttet til gjødsling, bruk av plantevernmidler og fortsatt bruk av dyrka mark på areal nærmere bestemt av forvaltningsmyndigheten. Motorisert ferdsl til vedlikehold av tidligere opptatte grøfteavløp og eksisterende vanningsanlegg må også skje i samråd med forvaltningsmyndigheita.
Friluftsliv og kitesurfi	Kap. 4 nr. 4	Kitesurfi er å rekne for eit seglbrett jf. føresegna i Kap. 4, fjerde ledd.
Beiting i våtmark	Kap. 5 nr. 2	Etter forskrifta kan grunneigar/ein med rettkome krav drive med tradisjonell beiting. Ved dette meiner forvaltningsstyresmakta eit ekstensivt beite der det ikkje vert gjødsla eller gjeve tilleggsfor. Passande beitetrykk vil variere ut frå lokale høve jf. mål på beitetrykk i NiN-systemet. , og bør i dei områda der det er botaniske verdiar justerast slik at beiteslepp helst er etter 15.8.
Framand artar	Kap. 4 nr. 1	Artar som ikkje er regional, naturleg førekomande er ikkje tillat å setje ut. Sjølv om dei allereie førekjem i verneområdet.

Tema	Forskriftreferanse	Forvaltningsmyndighetens retningslinje
Gjødsling	Kap. 5 nr. 3	Gjødsling med enten kunstgjødning eller husdyrgjødsling er berre tillaten på dyrka mark og berre etter skriftleg avtale med Statsforvaltaren. Gjødsling og sprøytin skal skje i samsvar med anna regelverk, t.d. gjødselvereforskriften og Forskrift om plantevernmidler. Gjødslingsmengde skal tilpassast behov og tolegrense for vassførekomsten. Naudsynt motorisert ferdsel på areal nærare bestemt av forvaltningsmyndigheita gjeld berre køyring med traktor med reiskap på fulldyrka mark på areal som var fulldyrka i 1996 (synleg på flyfoto frå 2002). Dette kartet er lagt ved som vedlegg.
Endring av naturgitt forhold	Kap. 4 nr. 3	Denne paragrafen fanger opp alle tiltak som kan endre dei naturgitt forholda, uavhengig om dei er spesifisert eller ikkje. Ved uvisse høve må man difor avklare med forvaltningsmyndigheiten. Denne vil også vere gjeldande ved vassuttak ved tørke.
Vedlikehold av grøfteløp og eksisterande vatningsanlegg	Kap. 5 nr. 3	Etter samråd med forvaltningsmyndigheita er det tillat med vedlikehold av tidlegare opptatte grøfteavløp som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, og vedlikehold av eksisterande vatningsanlegg (per vernetidspunkt). Praksis er at dette skal skje utanfor hekkesessong (april-august), og at utgravde masser deponeres utanfor verneområde. Grøfterensking skal stadfestas med omsyn til varighet, tidspunkt, sted og gjennomføring.
Tiltak forvaltningsmyndigheita kan gjev løyve til	Kap. 6	Desse er spesifikke tiltak forvaltningsmyndigheita kan gjev løyve til, men dette vil vurderast for konkrete saker etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Tema	Forskriftreferanse	Forvaltningsmyndighetens retningslinje
Skadefelling	Kap. 6 nr. 1	Skadefelling skal ikkje brukast som bestandsregulerande tiltak. Skadefelling skal heller ikkje brukast i område kor jakt kan påverke trua artar. Grågåsbestandane kan regulerast utanfor verneområdet i samsvar med retningslinjene som er gitt i den internasjonale for grågås, men jakt i verneområdet og i fuglefredingssona utanom vil påføre andre artar store forstyrning som kan resultere i at desse artane ikkje lykkast med hekking. Grunna svært stor sannsynlegheit for forstyrning av andre artar, kor mange er særst sjeldsynt og truga, vil forvaltningsmyndigheta handtera søknadar om skadefelling svært restriktivt.
Skjøtsel	Kap. 7	I samråd med forvaltningsmyndigheta kan grunneigarar eller andre interessentar utføre skjøtsel. Som skjøtsel reknast tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47. Slike tiltak kan støttast finansielt av forvaltningsmyndigheta om årleg budsjett har planlagt for det, eller har budsjettoverskot til å støtte det.
Generelle dispensasjonsesegn	Kap. 8	For Orrevatnet, og andre verneområde verna etter naturvernlova, er dei generelle dispensasjonsesegn erstatta av naturmangfaldlova § 48. Se avsnitt om sentrale føringer for vidare utbroderinga.

## TILGRESENDE VERNEOMRÅDER

I sør-sørvest er naturreservatet omkransa av ei fuglelivsfreda sone (Orrevatnet dyrelivsfreding, Naturbase id: VV00000332).

## TILLEGGSSOPPLYSNINGER

Nokre av dei lågtliggande landareala kring Orrevatnet er godt eigna for restaurering av våtmark. Det bør vurderast nærare om det er mogleg å få til konkrete restaureringsprosjekt i samarbeid med grunneigar og kommune.

I andre grunne næringsrike vatn i Vest-Europa har ein fått gode resultat med reetablering eller nyetablering av sand- og grusholmar. Desse områda blir raskt tatt i bruk av f.eks. ternar og måker. Det bør vurderast ein eller fleire mindre holmar i dei grunne delane av Orrevatnet. Slike holmar vil auke uforstyrra og predatorfritt areal betydeleg og kan bli viktige reiskap for å bevare verneformålet. Dette vil krevje ei eiga vurdering i høve verneformålet og naturmangfaldlova.

# KUNNSKAPSGRUNNLAG

## ORREVATNET (VV00000623)

---

Forfatter	År	Tittel	Utgiver	Kobling
Foldvik, A.	200 2	Forekomst av hekkende fugl i Rogaland, Samlerapport.	NOF	
Oddane, B.	201 1	Kommunal forvaltningsplan for gjess, Klepp kommune med fokus på Orrevatnet	Ecofact rapport 83	

---



# VEDLEGG

## ORREVATNET (VV00000623)

---

### FILVEDLEGG

Lagt til	Tema	Eksternt Opphav	Internt Opphav
20.11.20 19	Bunndyrfauna		
04.03.20 22	Enkel besøksstrategi for Orrevatnet naturreservat		Endre Grüner Ofstad
29.10.20 20	Grågås fra Island	Arne Follestad , NINA	esl
29.10.20 20	Innsjøfauna	Jens Petter Nilsen	esl
29.10.20 20	Innsjøfauna - istidskreps	Spikkelan d, I., Kinsten, B & Kjellberg , G.	esl
29.10.20 20	Grågjess	Klepp Kommun e	esl
29.10.20 20	Hekkefugl	Arne Foldvik	esl

### KARTVEDLEGG

Lagt til	Tema	Eksternt Opphav	Internt Opphav
04.02.20 20	vernekart		
29.10.20 20	Vernegrenser		esl
08.03.20 22	Område tillat for gjødsling og sprøyting		Endre Grüner Ofstad
29.10.20 20	Naturverdier		esl
29.10.20 20	Beiteområder gjess		esl